

Møteprotokoll

Hjartdal kontrollutval

Dato: 14.12.2018 kl. 9:00 – 11:30
Stad: Hjartdal kommunehus, kommunestyresalen
Arkivsak: 18/00018

Til stades: Leiar Tho Olav, medlem Audun Darrud, medlem Roger Lind, sekretær Marianne Lundeberg, oppdragsrevisor Elizabeth Kasin

Møtande varamedlem: Gunleik Skårdal

Fråfall: medlem Kristin Wåle, nestleiar Liv Tinnes

Andre: TKR IKS v/ Anne Hagen Stridsklev
Rådmann Stine Nyheim Folserås, Einingsleiar Hågan butiltak Nils Olav Hovde, Økonomisjef Oddvar Nygård, einingsleiar samfunnsutvikling Anne Bamle

Protokollfører: Marianne Lundeberg

Sakskart	Side
Møteinnkalling	
4/18 18/00018-29 Godkjenning av møteinnkalling 14.012.2018	3
Møteprotokoll	
4/18 18/00018-30 Godkjenning av protokoll 07.09.2018	4
Saker til behandling	
22/18 17/15712-45 Forvaltningsrevisjonsrapport - VA utbygging i Tuddal	5
23/18 18/12573-1 Kommunal registrering av psykisk utviklingshemma og grunnlag for	6

kompensasjon frå staten - Hjartdal kommune			
24/18	18/13044-1	Orientering om Hjartdal kommune sitt budsjett for 2019	8
25/18	18/00026-3	Orientering frå revisor 14.12.2018	9
26/18	18/11794-1	Møte- og arbeidsplan 2019 for Hjartdal kontrollutval	10
27/18	18/00035-7	Referatsaker 14.11.2018	11
28/18	18/00042-6	Eventuelt 14.12.2018	12

Hjartdal, 14.12.2018

Kontrollutvalsleiar
Olav Tho

Sekretær
Marianne Lundeberg

Møteinnkalling

4/18 Godkjenning av møteinnkalling 14.012.2018

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Hjørdal kontrollutval	14.12.2018	4/18

Forslag frå sekretariatet:

Møteinnkalling 14.12.2018 vert godkjend.

Møtehandsaming

Møteinnkalling 14.12.2018 blei lagt fram for godkjenning.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Møteinnkalling 14.12.2018 vert godkjend.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

Møteprotokoll

4/18 Godkjenning av protokoll 07.09.2018

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Hjartdal kontrollutval	14.12.2018	4/18

Forslag frå sekretariatet:

Protokoll 07.09.2018 vert godkjend.

Møtehandsaming

Protokoll 07.09.2018 blei lagt fram for godkjenning.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Protokoll 07.09.2018 vert godkjend

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

Saker til behandling

22/18 Forvaltningsrevisjonsrapport - VA utbygging i Tuddal

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Hjørdal kontrollutval	14.12.2018	22/18

Forslag frå sekretariatet:

Kontrollutvalet tek saka til vitande.

Tilråding til kommunestyret:

I tillegg til å sikre at saker blir forsvarleg utgreidd, bør kommunen i denne saka

- vurdere om reglane om garanti i ny kommunelov har innverknad på den vidare gjennomføring av utbygginga, og
- oppdatere prognosar, og sørge for å innarbeide ein eventuell underdekning på vatn- og avløpsområdet i budsjett og økonomiplanar.

Rådmann møter i kontrollutvalet i septembermøtet for å gjere greie for korleis kommunen har fylgt opp anbefalingane frå rapporten.

Møtehandsaming

TKR IKS v/ Forvaltningsrevisor Anne Hagen Stridskleiv la fram forvaltningsrevisjonsrapport «VA- Utbygging i Tuddal».

Rådmann Stine Nyheim Folserås, Ordførar Bengt Halvar Odden, Økonomisjef Oddvar Nygård, var tilstades i saka og svara på spørsmål frå utvalet.

Einingsleiar samfunnsutvikling Anne Bamle var tilstades i saka.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet tek saka til vitande.

Kommunestyret bør ta en grundig gjennomgang av rapporten og herunder få vurdert kva auka rente/færre abonnentar/subsidiering av Va-avgifter vil tyde for tenestetilbodet og byrder for hyttefolk og innbyggjarar i kommunen.

Telemark kommunerevisjon v/ Anne Hagen Stridsklev bør inviterast til å legge fram rapport «VA- Utbygging i Tuddal» for kommunestyret.

Tilråding til kommunestyret:

I tillegg til å sikre at saker blir forsvarleg utgreidd, bør kommunen i denne saka

- ***vurdere om reglane om garanti i ny kommunelov har innverknad på den vidare gjennomføring av utbygginga, og***
- ***oppdatere prognosar, og sørge for å innarbeide ein eventuell underdekning på vatn- og avløpsområdet i budsjett og økonomiplanar.***

Rådmann møter i kontrollutvalet i septembermøtet for å gjere greie for korleis kommunen har fylgt opp anbefalingane frå rapporten.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

23/18 Kommunal registrering av psykisk utviklingshemma og grunnlag for kompensasjon frå staten - Hjartdal kommune

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Hjartdal kontrollutval	14.12.2018	23/18

Forslag frå sekretariatet:

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Møtehandsaming

Einingsleiar Hågan butiltak Nils Olav Hovde møtte og gjorde greie for fylgjande punkt:

- Status for Hjartdal kommune – Kor mange med diagnose psykisk utviklingshemming er registret i 2017? er det stor auke frå tidlegare år?
- Kva kvalitetssikrings- og godkjenningsrutinar ligger til grunn for utbetalingsanmodninga til HelseDirektoratet; som godkjennast av rådmann og revisor?
- Har kommunen kontrollrutinar for å sikre seg at dei har korrekte vedtak – i så fall kva rutinar/vedtak?
- Kjenner rådmann til konkrete brott på regelverket og/eller god forvaltningspraksis?
- Har kommunen kjøpt bistand frå konsulent i arbeidet med å registrere psykisk utviklingshemma?
- Kor mange har samtykka til å ha verje,?
- kor mange har fått verje utan slikt samtykke og på kva grunnlag?

Rådmann Stine Nyheim Folserås var tilstades i saka.

Økonomisjef Oddvar Nygård og Ordførar Bengt Halvar Odden var tilstades og ga innspel i saka.

Oppdragsrevisor Elizabeth Kasin gjorde greie for revisor sin rolle i saka.

Saken blei lukka etter KL§ 31 punkt 4. jmf. FVL §13 punkt 1.

Kontrollutvalet vil ha ei orientering om kommunens oversikt over heile området kring registrering av psykisk utviklingshemma og vergemål innan utgangen av perioden.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Saka vert teken til vitende. Kontrollutvalet ynskjer ei ny orientering innan hausen 2019.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

24/18 Orientering om Hjordal kommune sitt budsjett for 2019

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Hjordal kontrollutval	14.12.2018	24/18

Forslag frå sekretariatet:

Saka vert teke til vitande.

Møtehandsaming

Rådmann Stine Nyheim Folserås og ordførar Bengt Halvard Odden, orienterar om Hjordal kommune sitt budsjett for 2019.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Saka vert teke til vitande.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

25/18 Orientering frå revisor 14.12.2018

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Hjørdal kontrollutval	14.12.2018	25/18

Forslag frå sekretariatet:

Saka vert teke til vitande.

Møtehandsaming

Oppdragsrevisor Elizabeth Kasin orienterar om revisjonen sitt arbeid i Hjørdal kommune.

Økonomisjef Oddvar Nygård ga informasjon til orienteringa.

Rådmann Stine Nyheim Folserås og ordførar Bengt Halvard Odden var tilstades i saka.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Saka vert teke til vitande.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

26/18 Møte- og arbeidsplan 2019 for Hjartdal kontrollutval

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Hjartdal kontrollutval	14.12.2018	26/18

Forslag frå sekretariatet:

Møte- og arbeidsplan for kontrollutvalet 2019 vert godkjend.

Planen og møtedatoane er leiande og kontrollutvalet står fritt til å ta opp dei saker og avhalde dei møte utvalet ynskjer.

Møtedato 2019: Fredag, 09:00, 08.02 - 29.04 – 24.05 - 06.09 – 06.12.

Møtehandsaming

Sekretariatet la fram forslag til møte- og arbeidsplan 2019 for kontrollutvalet,

29.04 endrast til 29.03.2019

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Møte- og arbeidsplan for kontrollutvalet 2019 vert godkjend.

Planen og møtedatoane er leiande og kontrollutvalet står fritt til å ta opp dei saker og avhalde dei møte utvalet ynskjer.

Møtedato 2019: Fredag, 09:00, 08.02 - 29.03 – 24.05 - 06.09 – 06.12.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

27/18 Referatsaker 14.11.2018

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Hjørdal kontrollutval	14.12.2018	27/18

Forslag frå sekretariatet:

Sakene vert tekne til vitande.

Møtehandsaming

- Betraktningar frå Temark sin Haustkonferanse 14.11.2018
 - Påmelding til NKRF sin kontrollutvalskonferanse på Gardermoen 30-31.01.2019. 3 av medlemmane har meldt seg på til konferansen.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Sakene vert tekne til vitande.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

28/18 Eventuelt 14.12.2018

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Hjørdal kontrollutval	14.12.2018	28/18

Forslag frå sekretariatet:

Møtehandsaming

Ordførar orientera:

Offisiell opning av skulebygg 06.02.2019 kl 18:00

1 time med tale og underholdning. Moglegheit til omvisning etterpå.

Kontrollutvalet inviterast.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Saka vert teke til vitande.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]